



Bjarte Revheim
Lonanaset 2
5282 LONEVÅG

Referansar:
Dykkar:
Vår: 17/1562 - 23/21618

Saksbehandlar:
Marit Nedreli
marit.nedreli@osteroy.kommune.no

Dato:
28.09.2023

13/20 Lono - Oppføring av tilbygg til einebustad og oppføring av garasje - ferdigattest

Administrativt vedtak. Saknr: 280/23

Tiltakshavar: Bjarte Revheim
Ansvarleg søkjar: Byggmester Solberg AS
Tiltak: Oppføring av tilbygg til einebustad og oppføring av garasje med hobbyverkstad og loftstove
Søknadstype: Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Kommunedirektøren sitt vedtak:

"Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for oppføring av tilbygg til einebustad og oppføring av garasje med hobbyverkstad og loftstove på gnr. 13 bnr. 20.

Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. plan- og bygningslova § 20-1, bokstav d."

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 30.10.2017 saknr. 296/17.

Det vert elles synt til søknad motteken 18.09.2023.

Skildring

Adresse:	Gnr. 13 bnr. 20.
Bygningstiltak:	Oppføring av tilbygg til einebustad og oppføring av garasje med hobbyverkstad og loftstove
Bygningsnummer:	175894683 og 175894691

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 13-1, 6. ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b. Det er høve til å be om utsett iverksetjing, jf. forvaltningslova § 42, 1. ledd. Part har rett til å sjå dokumenta i saka, jf. forvaltningslova § 27, 3. ledd, jf. §§ 18 og 19.

Til orientering

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 17/1562.

Med helsing

Tore Johan Erstad
einingsleiar for teknisk forvaltning og plan

Marit Nedreli
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Bjarte Revheim	Lonaneset 2	5282	LONEVÅG
Bygging As	Postboks 30	5291	VALESTRANDSFOSSEN
Byggmester Solberg AS	Kleivelandsvegen 53	5281	VALESTRANDSFOSSEN